



Jan Gamlemshaug

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/205 - 15/3093

Saksbehandlar:

Anny Bastesen

anny.bastesen@meland.kommune.no

17.02.2015

Vedk spørsmål om næringsverksemd Rosslandsområdet

Viser til e-post sendt til postmottak 20.01.2015.

Det er reguleringsplanen for Bergotunet og føresegnene til den som må leggjast til grunn for utvikling av området. Reguleringsplanen er fremma som eit privat forslag, med utgangspunkt i privat utbygging. For å få reguleringsplanen godkjent, måtte krav frå regionale mynde som t.d. Statens vegvesen takast omsyn til og innarbeidast i planen.

Meland Kommune har ingen utbyggingsoppgåver innafor dette planområdet. Det er den som ønskjer å bygge ut som må vurdere kva for retningslinjer som gjeld. For fylkesvegen sin del, er det Statens Vegvesen som bestemmer kva for krav og vilkår som må oppfyllest.

Ein eventuell utbyggingsavtale med kommunen vil måtte handle om korleis utbyggjar og kommunen blir enige om løysingar på heilt andre tema, t.d. vatn- og avlaupsanlegg, og evt. kommunal veg dersom det er tale om tiltak der. Det er heilt vanleg å inngå utbyggingsavtalar på slike tema, men altså ikkje for tiltak på fylkesveg.

Forholdet til fylkesvegen må utbyggjar avklare direkte med Statens vegvesen, evt. Samferdselsavdelinga i Hordaland Fylkeskommune (som er vegeigar). Meland kommune har ikkje noko prosjektansvar eller forskotteringsoppgåve når det gjeld fylkesvegen.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:

Nils Marton Aadland

Anne-Lise Næs Olsen

Mottakere:
Jan Gamlemshaug